

Hallo i nedslagsfeltet!

Ein gledens søndag i Sogndal - verdas einaste tippeligabygd er framleis realitet.

Det er lite fart og spenning i kvardagen min for tida. Eksamen i matematikk skal gjennomførast komande torsdag, og eg gledar meg stort til å få det heile overstått. Sjølv om eg veit at eg har jobba hardt gjennom heile perioden, er eg nervøs for korleis det skal gå. I eksamensperioden er det lite variasjon i dagane mine – det er stort sett skulearbeid og trening eg får tid til. Sia det er avgrensa kor spennande kvardagen min er å lese om, vil eg heller reflektere over noko som er svært viktig her i Sogndal - nemleg fotball.

Sjølv starta eg fotballkarriera mi i VRF som 5-åring. Der spelte eg fram til eg starta på FK Sykkylven sitt jentelag, og spelte 2 år i kvitt og blått. Etter at eg slutta å spele aktivt, har interessa mi for fotball vore dalande. Eg ser sjeldan fotballkampar på tv, då det ikkje engasjerer meg i like stor grad som før. For nokre år sia var eg ein ihuga Liverpoolfan, og kunne glede meg stort over ein siger til dei raudkledde. Denne iveren til å følgje eit fotballag har forsvunne heilt. No er vel ikkje Liverpoolsigrar kvardagskost lenger, men eg trur heller ikkje det er dei manglande resultata som fjerna interessa mi. Eg ser rett og slett ikkje glede i å følgje eit «engelsk» lag beståande av altfor godt betalte spanjolar jage rundt etter ein ball. Trass i at eg har vore på Anfield to gonger, kjenner eg inga tilhøyrslø til Liverpool FC. Det blir for fjernt.

Etter at eg fekk klasserom på Fosshaugane Campus har derimot fotballinteressa svinga opp igjen – iallfall til ein viss grad. Ikkje så rart, kanskje. Dagleg et eg lunsjen min i same bygg som dei kvit- og svartkledde fotballkarane, og eg har verkeleg fått Tippeligaen på nært hald. Og det er nettopp dette som har vekt ein liten fotballgnist i meg igjen: å kunne følgje eit lag så nært. Det blir ekstra stas når du kan sjå spelarane kome tuslande ut på grasmatta ein tidleg måndagsmorgon, samtidig som du opnar skulebøkene og startar ei ny veke.

At vesle Sogndal har eit lag i øvste divisjon er både fantastisk og spesielt. Sogndal er ei tilsynelatande vanleg vestlandsbygd med fjell, fjord og blide bygdefolk. Men Sogndal er ei ekstremt vellukka bygd. Dei to hovudfaktorane til dette er fotballaget og høgskulen. Ein høgskule med over 2000 studentar og mange studieretningar å velje i gjer at lokalungdommen ikkje er nøydd til å flytte på seg for å få seg ei brukbar utdanning. Fotballaget har også etablert seg i øvre fotballsikt over lengre tid, og dette gjer det til ein fin utviklingsarena for lokale fotballtalent, samtidig som det gjer plassen attraktiv for folk frå andre stader i landet. Det er i grunn stort å tenkje på kva vesle Sogndal har fått til - spesielt med tanke på fotballen. Kveldens jubelbrøl frå Fosshaugane var både godt og viktig.

Og ein aldri så liten tankevekkjar til slutt: Kommunane Sogndal og Sykkylven har om lag like mange innbyggjarar. Medan Sogndalspelarane i kveld jublar over å skulle halde fram i øvste divisjon, skal beste herrelaget frå Sykkylven spele i 5. divisjon komande sesong. Eg berre nemner det.

PS: Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til 4,5.